



Svanhill Haugland toppar listeforslaget til det nye soknerådet Her står ho somnummer 2 frå høgre og leiar eit improvisert jentekor på bedehuset

Også kyrkjevalet 2015 skal finna stad på same tid som valet til kommunestyret i eit lokale med umiddelbar nærleik til det offentlege valet, heiter det i kunngjeringa om valet. Det betyr med andre ord val i Rosendal også av sokneråd og 4 leke medlemmer til bispedømmerådet 13. og 14. september hvis det ikkje skjer nokon endring etter reaksjonen i det siste.

Det var svært problematisk denne gongen å få villige kandidatar til det nye soknerådet, men til slutt og etter mye arbeid vart ei solid liste sett opp. 5 av dei som står der var med ved valet for 4 år sidan medan 6 er nye. Lista er slik i prioritert rekkefølge

1. Svanhill Haugland (46 år, lærar)
2. Sigmund Myklebust (42 år, maskinentreprenør)
3. Kåre Magnus Rød (74 år, pensjonist)
4. Ove Magne Myhre (63 år, personaleleiar)
5. Hans Reidar Kjærland (58 år, gardbrukar)
6. Eli Roseth Eik (67 år, pensjonist)
7. Møyfrid P.E.Kristoffersen (57 år, helsearbeidar)
8. Kjell Yri (60 år, IT-rådgjevar)
9. Inger Lisa May Voll (60 år, nattevakt hotell)
10. Thor Inge Døsland (61 år, lærar)
11. Kristian Olav Bringedal (64 år, kultursjef)

6 av desse vert faste medlemmer og 5 varamedlemmer. Alle har Uskedalen som postadresse. Røysteføre er alle som er døypte medlemmer av Den Norske Kyrkja som er over 15 år eller som fyller det i år.

Det er mogeleg å førehandsrøyste frå 10. august i Rådhuset og på kyrkjekontoret i Valen samt etter gudstenesta søndag 30. august klokka 17. Valkort er sendt ut og inneheld nødvendig informasjon.



Møyfrid Kristoffersen har leia soknerådet i ei årrekke

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen